

## Vedlegg

### FTU-midler 2017 – PROSJEKTARK

Nr. 1	Sogn og Fjordane fotballkrets
<p><b>TILTAK:</b></p> <p>«NFF Sogn og Fjordane tykkjer vi i 2016 har hatt ei rekkje gode prosjekt. Tiltaka er ei fin blanding mellom PR, enkelttiltak og varig haldningsskapande arbeid i klubb. Erfaringane er så gode at vi i det store og heile ønskjer å bygge vidare på fjorårets plan.</p> <p>SFFK sin fylkesomfattande aktivitet og store medlemsmasse gjev samarbeidet med FTU ei stor eksponeringsflate. I trekanten skule-heim- og fritid, er fotball for mange den viktigaste fritidsaktiviteten. Gode og førebyggjande tiltak er difor ein viktig. NFF Sogn og Fjordane ønskjer å vidareføre det gode samarbeidet med FTU.</p> <p>Vi vil særleg framheve arbeidet blant born på miniputt turneringane (500 lag, 32 turneringar fordelt på 2 søndagar vår og 2 søndagar haust). Miniputt turneringane har alltid fokus på trygg parkering og trafikktryggleiks tiltak/konkurransar.</p> <p>Vi må også nemne at vi neste år skal profilere oss på 4 Tippeligakampar med storskjerm framsyning <i>bruk bilbelte og køyr varsamt</i>.</p> <p>Vi ber dykk også legge merke til alle eksponeringsflatene, der vi informerer om <i>trafikktryggleik</i> og beredskap. Vi snakkar om langt over 1000 klubbleiarar i året.</p> <p>NFF Sogn og Fjordane har også ei utviklingsavtale med fylke, der vi jobbar med andre element som styrker den totale <i>tryggleikstenkinga</i>. Vi nemner Trygg fotball og tema som politiattest til tillitsvalde, beredskapsplanar, fair play, måtehaldareid osv. Viktig at FTU ser at trafikktrygging og måtehald/rusarbeid er ein del av ei større heilskapstenking i vårt arbeid.</p> <p>I 2014 starta NFF opp «kvalitetsklubbprosjektet». Det er eit UEFA inspirert kvalitetssystem, som sertifiserer breiddeklubar ut frå ulike kvalitetskriterier. I Sogn og Fjordane er no 15 klubar med på ulike nivå i prosessen. I dag er Sandane T og IL, Vik T og IL, Førde IL, Eikefjord IL og IL Jotun sertifisert. I tillegg nærmar Kaupanger og Stryn seg krava for sertifisering.</p> <p>Av desse klubbane er Sandane T og IL, Vik IL, Førde IL, Stryn T og IL og IL Jotun sertifisert som <i>Trafikksikker klubb</i> i 2016. I lag med Trygg Trafikk og Audun Heggstad er det her gjort eit godt arbeid, og vi har lagt ned monaleg med kostnader for å utarbeide brosjyre, materiell og skape gode møteplassar (om lag 40 000).</p> <p>Vi ønskjer også i 2017, som ein del av sertifiseringspakken, å betale ut kr. 5000,- pr. klubb som når Kvalitetsklubb Nivå 1 i 2017 og som også er sertifisert som <i>Trafikksikker klubb</i>.</p> <p>Det arbeidet vil vi gjennomføre i lag med Audun Heggstad i Trygg Trafikk. Det medfører at avtala får ein større og tyngre dimensjon, etter kvart som nye klubar blir sertifisert og sluttar seg til arbeidet.</p> <p>SFFK ønskjer elles å følgje opp avtalepunkt etter beste evne. De ser at vedlagde aktivitetsplan er variert og omfattande.</p>	

**SØKNAD**

Ut frå vedlagt aktivitetsplan vil NFF Sogn og Fjordane søkje FTU om driftstønad på 90 000 kroner i 2017.

Driftstønaden skal dekkje arbeid, reise, materiell internett profilering, reklame på utstyr, utsending og ikkje minst kostnadar ved reise og deltaking på ulike tiltak og arrangement. Av desse midlande betalar vi ut 5000 pr. klubb som blir sertifisert til Nivå 1 i kvalitetsklubbprosjektet, og som har trafikktrygging i sine basisstatuttar.»

I klubben sin vedlagte aktivitetsplan er m.a. følgjande nemnt:

- Miniputt – kick off Skei: Trafikktrygging i miniputt fotballen.
- Storskjermannonse Trafikktrygging på 4 stk. tippeligakampar.
- Turneringar born (Kongleriket): Fokus på parkering/køyring til og frå.
- Kampar aldersbestemt: Retningsliner for køyring, parkering.
- Futsal vaksne: Parkeringsvakter med vestar

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål og målgruppe	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 90 000.-	Framlegg tilskot kr. 81 500.-

<b>NR 2:</b>	<b>Pensjonistforbundet i Sogn og Fj.</b>
--------------	--

**TILTAK: Gjennomføring av Bilførarkurs 65+**

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane håper på vidare godt samarbeid med Statens vegvesen angående Bilfører 65+ kurs. I 2016 klarte vi å gjennomføra 13 kurs for til saman 290 deltakarar. Dette kunne vore endå fleire dersom instruktørane hadde hatt meir tid til rådvelde. Interesse er svært stor ute i kommunane.

Tildelingskriteria for disponering av trafikktryggleiksmidlane i

2017 skal vera til lokallaga som eit administrasjonstilskot på kr. 3000.- pr. kurs.

Fylkeslaget ønskjer å vidareføre det samarbeidet som alt er etablert på området trafikktrygging for eldre også gjennom bilførarkurset 65+.

Planlagt 17 stk. kurs à kr. 3000.- = kr. 51 000.-

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål i «Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging A.6.2: «Kurs for eldre bilførarar 65+.»	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 51 000.-	Framlegg tilskot kr. 51 000.-

<b>Nr. 3</b>	<b>Trygg Trafikk</b>
--------------	----------------------

**TILTAK 1: «Trafikksikker kommune»/«Trafikksikker skule»/«Trafikksikker barnehage».**

Trygg Trafikk vil i 2017 fokusere på tiltaket «Trafikksikker kommune»/«Trafikksikker skule»/«Trafikksikker barnehage». Målet med dette er å få kommunane sine leiarar til å setje trafikktryggleik i fokus og på dagsorden, – og få kommunane, her under skulane og

barnehagane til å jobbe systembasert slik at dei fyller kriteria for å bli trafikksikre. Dei kommunane, skulane og barnehagane som oppfyller kriteria for dette blir godkjende for 3 år om gongen og får eit skilt med til dømes «Trafikksikker kommune» «Trafikksikker barnehage» osv.

Vi ser for oss at dei skulane/barnehagane som vil bli «Trafikksikker» får eit tilskot for innkjøp av materiell og utstyr på til dømes inntil kr. 4.000,- kvar eller at det vert kjøpt inn tilsvarande gjennom Trygg Trafikk.

Trygg Trafikk har som mål å få minst 3 kommunar godkjende som «Trafikksikker kommune» i 2017. Då må alle sektorane i kommunen fylle kriteria i «Trafikksikker kommune» konseptet.

Dersom alle skulane og barnehagane i kommunen er «Trafikksikre» og kommunen elles fyller vilkåra er heile kommunen «Trafikksikker». Det er i dag laga intensjonsavtale med Eid kommune om at Eid kommune innan 3 år skal jobbe for å bli «Trafikksikker kommune».

I tillegg er Årdal kommune godt i gang.

Trygg Trafikk vil i 2017 jobbe for å få fleire slike intensjonsavtalar med kommunane samstundes som den enkelte barnehage og skule kan jobbe for å bli «Trafikksikker» på sjølvstendig grunnlag og få godkjenning.

Sjå linken om «Trafikksikker kommune»: <https://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/>

I dette arbeidet med kommunane må vi lokalt hente hjelp frå Trygg Trafikk sentralt. Både i forhold til arbeidsmøte og seminar (Workshop) i kommunane og godkjenning av kommunane.

Reise og opphold til dette arbeidet må dekkast her.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	80 000.-	80 000.-

## **TILTAK 2: Trafikk kurs for barnehagetilsette – «Trafikksikker barnehage».**

Trygg Trafikk vil arrangere trafikk kurs i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane for barnehagetilsette. Kursstad vil denne gongen vere i Sogn og Nordfjord. Tidlegare har vi hatt felles kurs for studentar og tilsette i barnehagane i Sogn og Fjordane, samt at vi også har arrangert eigne etterutdanningskurs i Sogndal, Førde og Nordfjordeid.

Dette året vil vi arrangere to kurs for dei som jobbar i barnehagane og eitt kurs for studentane på førskulelina på Høgskulen i Sogndal. Føreleser på kursa vert førskulekonsulent frå Trygg Trafikk sentralt. I tillegg har Trygg Trafikk utvikla konseptet Trafikksikker barnehage. Dette er ein del av prosjektet «Trafikksikker kommune». Sjå : [www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no)

### **Barnas Trafikkklubb**

Dette er ein ny trafikkklubb som er laga til barnehagane og førskuleborna. Det er gratis for barnehagane å melde seg inn, men nokre av tilleggsprodukta kan dei kjøpe. Her får barnehagane pedagogiske råd og rettleiing korleis dei kan drive trafikkoppdragelse i barnehagane. Trygg Trafikk har som mål å gjere kjend klubben for barnhagane og få

minst 50% av barnehagane til å melde seg inn i løpet av 2017. Trygg Trafikk vil lage konkurrans mellom barnehagane, og ha artiklar frå klubben som premiar. Vi vil også vere på «barnehagedagane» I Loen i oktober 2017 med informasjon og materiell ev kurs.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	35 000.–	35 000.–

### **TILTAK 3: Gå-opplæring/foreldreopplæring/skulestart.**

Trygg Trafikk har laga nytt undervisningsmateriell *Trafikkboka* til 1–4 klasse. Denne er tenkt som klassesett. Skular som skaffar seg disse har dei i mange år. Tidlegare sende Trygg Trafikk sentralt ut tilbod til skulane om å få ei bok gratis som demonstrasjon. Mange skular svarte og tok imot tilbodet, og lokalt i fylket har vi gitt ut om lag 50 klassesettet. Vi vil i 2017 satse på 10 pilot klassar som vil få prøve ut dette materiellet samt å tilby dette til studentane på allmennlærer studiet på Høgskulen i Sogn og Fjordane. Spesielt vil vi satse på skulane som er eller vil bli Trafikksikre skular. I tillegg vil vi også gå til innkjøp av informasjonsmateriell til foreldra i samband med skulestart for 6 åringar. Dette sender vi ut til skulane før skulestart.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	5 000.–	5 000.–

### **TILTAK 4: Sykkelopplæring**

I samband med Kunnskapsløftet og mål om sykling og trafikktryggleik lagar Trygg Trafikk nytt materiell i forhold til sykkelopplæring og tryggingsutstyr. Sykkelmateriellet er laga i del 1 og del 2. Del 1 er for 4–5. klasse og del 2 er for 5–6. klasse. For å følgje opp denne sykkelopplæringa og informasjon om dette vil vi kjøpe inn materiell for å bruke mot skulane, og lærarskulen m.m. Dette for å gje sykkelopplæringa på mellomtrinnet eit løft. Vi vil også vurdere sykkelkurs for lærarar på mellomtrinnet. Trygg Trafikk ynskjer å legge vekt på meir trafikal opplæring på skulane, jf. Kunnskapsløftet. Innbakt i dette vil både sykkelhjelm og sykkelykt vere med som tema.

Trygg Trafikk har også ein sykkelhjelm kampanje med utstilling som vi skal rette inn mot blant andre ungdomsskulane og vaksne ungdomar. I samband med konseptet «Trafikksikker skule» er sykkelopplæringa og verneutstyr eit svært viktig tiltak og føresetnad.

#### **Nettverksmøte sykkel.**

Trygg Trafikk vil også arrangere nettverksmøte med sykkel som tema for lærarar i grunnskulen. Dette vil vi legge til ein av sykkelbyane ev til ein av kommunane som vil bli «Trafikksikre kommunar».

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	10 000.–	10 000.–

#### TILTAK 5: Reflekskonkurransar for born

Trygg Trafikk vil invitere 4. og 5. klassane til reflekskonkurranse i grunnskulen. Namnet på konkurransen vert ***Den store refleksjakta 2017***. Målet er å få elevane til å leite fram flest muleg refleksar i heimane sine. Vi veit frå andre stader at det ligg mykje refleksar i jakker, skuffer og skap i dei fleste heimar. Då er det viktig å få dette fram og i bruk. Dei klassane som deltek vil bli premierte.

I tillegg vil vi også i samarbeid med Sogn og Fjordane Fotballkrets arrangere ein reflekskonkurranse for miniputtar og aldersbestemte fotballag/klubbar. Her vil vi premiere laga sine egne gode tiltak med tryggleikspremiar. Det vart gjort i 2016 med stort hell.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	10 000.–	10 000.–

#### TILTAK 6: Refleksdagen 2017

Den nasjonale refleksdagen 19. oktober 2017 vil Trygg Trafikk i samarbeid med ulike samarbeidspartnarar som Fylkeskommunen, Statens vegvesen, Politiet, frivillige organisasjonar med fleire prøve å koordinere refleks aktivitetane og motivere aktørane til innsats. Det vert utvikla ein eigen refleks og vi vil satse på å kjøpe inn ein del av disse som aktørane ev. kan bruke som verktøy denne dagen og utover hausten elles. Det er ofte stor etterspørsel etter refleksar i ulike samanhengar og då kan det vere godt å ha ein del refleksar til å hjelpe disse. I tillegg må dagen også planleggast i god tid saman med samarbeidspartnarar som FTU med fleire.

#### Trygg Trafikk ambassadør ordning

Trygg Trafikk sentralt har som ein del av kompetansesenteret oppretta ei ambassadør ordning. Ambassadørane er lærarar i grunnskulen som har interesse for trafikkopplæring. Målet med ambassadørane er at dei skal drive trafikkopplæring på skulen sin ev kommunen, lage lokale læreplanar og kunne vere som ein resurs for trafikkopplæringa i skuleverket. I fylket har vi ein ambassadør som er ynskjeleg å nytte i samband med kompetansekurs for lærarar. Trygg Trafikk vil ynskjer å nytte seg av trafikk ambassadøren i fylket i denne samanhengen og nytte han i samband med kurs og nettverksamlingar.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	70 000.–	61 500.–

#### TILTAK 7: Trafikkopplæring 1– 7. trinn / kompetansebygging og nettverksmøte

I samband med grunnskulane ynskjer vi å tilby nettverksmøte med kompetansebygging til skulane. Temaet er skulestart, gå-opplæring, samt sykkel-opplæring. Disse samlingane bør vere regionvis ev på kommunenivå, og vi vil nytte oss av mellom andre Trygg Trafikk ambassadøren som vi har i fylket i tillegg til våre eigen kometanse både lokalt og sentralt.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	15 000.-	15 000.-

#### **TILTAK 8: Trafikkopplæring 8 -10. trinn / Trafikk valfag / Trafikalt Grunnkurs**

I 2014 vart det utdanna 23 ungdomsskulelærarar til godkjenning i Trafikalt Grunnkurs. Mesteparten vart utdanna gjennom eit lokalt kurs i Sogndal som Sogn Regionsråd og Trygg Trafikk stod som arrangør for og som FTU støtta økonomisk. Disse gjennomfører no Trafikalt Grunnkurs ute på ungdomsskulane sine, og mange legg dette inn i Trafikk valfag som går over 57 timar. I 2015 vart det gjeve tilskot til 2 nye lærarar som blei utdanna og fekk godkjenning som TG lærarar, og i 2016 3 nye lærarar. Trygg Trafikk ynskjer mange fleire lærarar med denne kompetansen i fylket og difor bør det stimulerast til at fleire lærarar kan få ta denne utdanninga.

Lærarar som driv med Trafikalt Grunnkurs/trafikk valfag i dag har ytra ønske om faglege samlingar i 2016. Ei slik samling gjennomførte Trygg Trafikk med disse i mai 2015 og 2016.

Trygg Trafikk ynskjer å tilby nettverksmøte med kompetansebygging for disse også i 2017.

I denne samanhengen vil vi også her nytte oss av Trygg Trafikk ambassadøren i fylket i tillegg til vår eigen og andre sin kompetanse.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	30 000.-	30 000.-

#### **Nr. 4 Sogndal vidaregåande skule**

##### **TILTAK 1: Trafikkdag for avgangselevar**

Sogndal vidaregåande skule har i fleire år hatt fokus på trafikktrygging i samband med russetida. Vi har eit godt samarbeid med fleire aktørar som Vegstasjonen, Politi og Røde Kors i samband med trafikktryggingsarbeidet vårt. Opplegget går på haldningsskapande arbeid opplæring og informasjon. Rett før russesleppet har vi ein trafikkdag for alle våre avgangselevar både på yrkesfag og dei studieførebuande utdanningsprogramma. Vi inviterar og samarbeider med trafikkstasjonen, politi og røde kors, helsesøster/lege, brannvesen med informasjon og aktivitetar i tillegg til matsservering. Tilbakemeldingane frå elevar og samarbeidspartar har vore gode.

Vi søker difor om **12.000,-** til mat og frikjøp av tid til tilsette og samarbeidspartar som jobbar ekstra i samband med dagen. Ein slik trafikkdag vil treffe over 300 ungdomar i gruppa 17 - 19 år.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 12 000.-	Framlegg tilskot kr. 12 000.-

### TILTAK 2: Refleksaksjon

Skulen har lage/trykt egne refleksar og ynskjer å dele ut til elevane i samband med refleksaksjonen på hausten. Miljøkoordinator ved skulen organiserer eit opplegg til utdeling av refleks. Vi søker om **kr 10.000,-** å dekke utgiftene ved trykking og til utdelingsaksjonen.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 10 000.-	Framlegg tilskot kr. 10 000.-

## Nr. 5 Firda vidaregåande skule

### TILTAK 1: Markere «Refleksdagen».

Markere «Refleksdagen» på Firda vgs. Innkjøp av refleksvestar med logoen til Firda vgs. på ryggen til alle vg.1 elevar. Dele ut refleks til elevar og personale i lunsjen.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 8 000.-	Framlegg tilskot kr. 8 000.-

### TILTAK 2: Trafikktryggingskveld Open skule.

Trafikktryggingskveld med Open skule med ein quiz/kahoot med trafikktryggings-spørsmål og informasjon om det å ferdast i trafikken. Servering av frukt og grønnsaker med dip.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 6 000.-	Framlegg tilskot kr. 6 000.-

### TILTAK 3: Positiv sykkelkontroll.

Gjennomføra ein positiv sykkelkontroll blant elevar og personale morgonen på refleksdagen. «Har du utstyret for sykling i mørket?». Uttrekkspremie med lykter og ein hjelm, blant dei som deltar.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 1 000.-	Framlegg tilskot kr. 1 000.-

Nr. 6 Tangen skule – Årdal kommune		
<p><b>TILTAK 1: Innkjøp og montering sperregrind</b></p> <p>Tangen skule søker med dette om økonomisk støtte til innkjøp og montering av sperregrind i Gropa, der elevane går av/på skulebussen. Slik grind er plassert ved påstinginga på Seim i Seimsdal. Vi søker om støtte til eit slik tiltak, då vi ser at det somme tider er trengsel og press mot bussen når elevane skal stiga på. Vanskeleg for oss å vurdere pris på eit slikt tiltak.</p>		
<b>Kommentar/ vurdering</b>	Tiltaket samsvarar <u>ikkje</u> med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. (Ikkje opplyst)	Framlegg tilskot kr. 0.–
<p><b>TILTAK 2: Sykkelopplæring/gjennomføring valfag</b></p> <p>I samband med sykkelopplæring og gjennomføring av trafikk valfag ved Tangen skule, søker eg med dette om støtte til fornying av ein del av utstyret vi nyttar i denne opplæringa. Vi ønskjer å fornye kjegler og anna markeringsutstyr vi nyttar. Likeeins har vi sterk trong for ein klassesett refleksvestar som er nummererte 1–30. For å få gjennomføre denne fornyinga og oppgraderinga, søker vi om kr. <u>10 000.–</u></p>		
<b>Kommentar/ vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 10 000.–	Framlegg tilskot kr. 10 000.–

Nr. 7 Måløy vidaregåande skule		
<p><b>TILTAK 1: «Å bli sett».</b></p> <p>Måløy vidaregåande skule vil takke for tidlegare midlar vi har fått! Vi synes det er fint at vi kan søkje på nytt om midlar til trafikktrygging. Skulen ønskjer igjen å lage til <b>ein dag der tryggleik står i sentrum, og gjennom midlane frå dykk er det mogleg å gjennomføre ein slik dag!</b> Som tidlegare år, ønskjer vi å organisere vår trafikktryggleiksdag igjen for alle vg1-klassane, dvs. dei nye elevane på skulen. Etter ein del år har vi landa på ein mal som passar for vår skule, sjølv om det aldri er likt frå år til år. Gjennom midlane dykkar er det lettare å få sett trafikktryggleik på dagsorden. I tillegg ønskjer vi å sjå på tryggleik på skulevegen. Vi vil jobbe vidare med temaet <b>”Å bli sett”</b>. Her er det er ein lang veg å gå, og vi vil igjen bruke politiet og køyreskular til å vere med oss. Kostnadane til våre tryggleiksdagar har vore stigande; det kostar å få slike dagar til, sjølv om nokre av aktørane stiller ”gratis” opp fordi dei ser det som ein del av jobben sin.</p>		

Prosjektet "Å bli sett" vil vere eit samarbeid mellom elevrådet og skulen si folkehelsegruppe. Vi håpar hausten 2017 å få til eit samarbeid med Barne- og ungdomsarbeidarklassen sidan dei har helsefremjande arbeid. Her treng vi å kjøpe inn refleks.

Ut frå det vi brukte av midlar til trafikktryggleiksdagen og innkjøp av refleks, reknar vi med at utgiftene vil ligge mellom kr.20.000,- og kr 23.000,-.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 23 000.-	Framlegg tilskot kr. 23 000.-

#### **TILTAK 2: Open bilverkstad**

Tryggleik rundt russen er viktig, og vi vil ha open bilverkstad utover sein vinter/vår der vårt personale frå køyretøy vil støtte ungdom som er russ med å få sikre bilar. Dette gjeld ikkje berre russebilar, men også vanlege bilar som russen brukar. Vi kan tenkje oss å bruke 8 kveldar på dette mellom midten av februar og slutten av april.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 12 000.-	Framlegg tilskot kr. 12 000.-

#### **TILTAK 3: Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar**

Dette er eit tiltak der unge sjåførar og bileigarar jobbar med å få trygge bilar på kveldstid, under oppsyn av fagkunnige personar på skulen. Vi ser at fleire ungdommar kjøper gamle/eldre bilar og då kan dei få dei i betre stand på desse kveldane. Vi ser for oss at vi kan gjere det fra hausten 2017.

Utgiftene til «Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar» kr 1500,- x 10 = 15 000,-

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 15 000.-	Framlegg tilskot kr. 15 000.-

#### **TILTAK 4: Open verkstad for mopedeigarar.**

Vi vil satse på å ha 2 kveldar open kveld/verkstad i samarbeid med faglærer. Med dette vil vi prøve å få tryggare mopedar på vegane våre. Utgiftene til det vil bli kr 3000,-.

<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 3 000.-	Framlegg tilskot kr. 3 000.-

**Nr. 8****Stryn vidaregåande skule****TILTAK: Trafikktryggingdag.**

Stryn vidaregåande skule ønskjer svært gjerne å få arrangere ein trafikktryggingdag for alle våre elevar hausten 2017. Vi gjennomførte hausten 2015 og 2016 liknande arrangement, då også med midlar frå FTU. Dei positive tilbakemeldingane frå både elevar og tilsette, seier oss at dette er eit arrangement som både er lærerikt, og har stor påverknadsgrad i forhold til bevisstgjerung rundt trafikktryggleik. Statistikkane for ungdomsulukker tilseier at vi må alle ta ansvar i kampen for å redusere desse tala. Vi ser det derfor som svært viktig å setje eit spesielt fokus på farane ved eit nyerverva førarkort og fart, samt kva ein skal gjere når uhellet først er ute. Sentrale aktørar på trafikktryggleiksdagen vil vera politiet, brannvesen, ambulanse, Trygg trafikk, statens vegvesen, helsefag (hjartestartar + førstehjelp ved ulukkesstad), samferdsels-avdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune og trafikkskulane i Stryn. Elevgrupper går gjennom ulike postar med lærar. Simulert trafikkulukke. Premiering av quiz-vinnarar m.m. Kostnader vil vera: Henting/levering av bilvrak, brannteppe, bensin, diesel, sløkkjeapparat, sminker, kantineutgifter for servering av lunsj til alle deltakande aktørar, foredragshaldarar m.m.

**Kommentar/  
vurdering**

Tiltaket samsvarar med formål

**Søknadssum/tilskot**

Søknadssum kr. 33 000.-

Framlegg tilskot kr. 33 000.-

**Nr. 9****Barnehagane i Årdal kommune****TILTAK: Trafikksikker barnehage.**

Årdal kommune ønskjer å bli ein trafikksikker kommune. Dei 6 barnehagane i kommunen ønskjer å bli trafikksikre barnehagar. Vi er i gang med å lage planar, fastsetje rutinar og synleggjere tiltak for at alle kan verte «Trafikksikker barnehage». Vi vil drive førebyggjande arbeid i barnehagane med opplæring i bl.a. trafikkreglar for fotgjengarar. Gjeld 6 stk. barnehagar.

Vi søker om støtte til å kjøpe inn skilt på uteareala, oppmerking av vegbane, fotgjengarfelt og parkeringsplassar på uteareala, samt kjøp av refleksvestar.

**Kommentar/vurdering**

Tiltaket samsvarar med formål

**Søknadssum/tilskot**

Søknadssum kr. 21 750.-

Framlegg tilskot kr. 21 750.-

Nr. 10		Årdal Tenk Tryggleik	
<b>TILTAK 1: «Prosjekt Politikameratane»</b>			
<p>Årdal Tenk Tryggleik har kvart år eit prosjekt som heiter «Politikameratane». Dette er eit samarbeid med lokalt politi og konfirmantane som går over to dagar. Målet med prosjektet er at ungdomen skal få god kjennskap til politiet og Årdal Tenk tryggleik sitt arbeid. Samarbeidet mellom politiet og Årdal Tenk Tryggleik har pågått i fleire år og gitt gode resultat.</p> <p>I tillegg til politiet og ÅTT får 10. klussingane god kjennskap til korleis dei andre nødetatane og frivillige organisasjonar samarbeidar for å skape eit trygt lokalsamfunn. Årdal Tenk Tryggleik søker herved om støtte til dette prosjektet på kr. 40 000.-</p>			
<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål		
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum kr. 40 000.-	Framlegg tilskot kr. 40 000.-	

Nr. 11		Høyanger vidaregåande skule	
<b>TILTAK: Førstehjelp ved trafikkulukke / trafikkulukke i tunnel og brannfare.</b>			
<p>Skulen har alle nye vg.1 elevar som målgruppe i dette arbeidet og ønskjer å gjennomføre følgjande opplegg saman med Brannvakten AS. Firmaet har god erfaring både med førstehjelp og trafikkulukker samt slokking av bilbrannar i og utanfor tunell.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Førstehjelp ved trafikkulukker. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva gjer ein dersom ein er førstmann til ulukkestaden?</li> <li>• Meldingsrutinar</li> <li>• Sikring</li> <li>• Livreddande førstehjelp</li> </ul> </li> <li>2. Trafikkulukke i tunnel og brannfare. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva gjer ein om ein kjem opp i ei ulukke i tunnel?</li> <li>• Korleis opptre dersom det lek drivstoff eller det er fare for lekkasje?</li> <li>• Korleis utviklar ein tunnelbrann seg?</li> <li>• Faremoment ved røykgass</li> <li>• Praktisk slokking.</li> </ul> </li> <li>3. Trafikk-Russ-Rus. Politi og Røde Kors: Forventningar og konsekvensar.</li> </ol>			
<b>Kommentar/vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål		
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum: kr. 15 000.-	Framlegg til tilskot: kr. 15 000.-	

**TILTAK 1: Innkjøp og distribusjon av refleksvestar.**

Vi tillet oss å søkje midlar for 2017 med same grunngjeving som tidlegare, da vi meiner det er grunnleggjande viktig å fokusere på barns bruk av refleksvest i den mørke årstid. Våre besøk i skulane er med på å sette fokus på bruk av refleks for heile lokalsamfunnet, foreldre og lærar i særdelesheit. Det er framleis vår visjon at ingen skuleelev frå 5. klasse og oppover skal verte skade i trafikken, og det er vår von at andre organisasjonar tek seg av barnehage og dei første stega på barneskulen med utdeling av refleksmateriell. Etter det vi kjenner til vil effekten av ei ny refleksvest vare i minst 3 år. Og sidan vi har halde på med dette arbeidet i mange år skal grunnskuleelevane opp til 8. klasse vera godt sikra i trafikken i den mørke årstida. GIS (Grunnskuleinformasjonssystem) syner at tal 5. klassingar neste år vil liggje på litt under 1400 elevar. Avdelinga har om lag 60 vestar i rest. Søkjer om midlar til innkjøp av  
1350 stk. refleksvestar à kr. 25.- = 33 750.-  
Administrasjonskostnader: kr. 6 000.-  
Totalt kr. 39 750.-

**Kommentar/  
vurdering**

Tiltaket samsvarar med formål.

**Søknadssum/tilskot**

Søknadssum kr. 39 750.-

Framlegg tilskot kr. 39 750.-

**TILTAK: Kjøp av refleksvestar**

Sogn CK arrangerer kvart år (første helga i juli) turrittet Jotunheimen Rundt ([www.jotunheimenrundt.no](http://www.jotunheimenrundt.no)), også kalla «Norges vakraste sykkelritt». Dette er eit krevjande sykkelritt både for deltakarane og oss som arrangør. Starten er på kvelden og føregår gjennom natta til målgang neste dag. Dette rittet føregår også saman med øvrig sommartrafikk langs vegane. Sogn CK er oppteken av tryggleik og ønskjer å fortsatt kople dette rittet opp mot trafikktryggleik, der sykling med vest vil auke synlegheita sett opp mot andre trafikantar. Me veit av erfaring med vesten at dette rittet kan brukast til å spreie budskapen om tryggleik blant syklistar.

Utover sjølve Jotunheimen Rundt ser vi at syklistane er flinke til å bruke vesten på trening/ritt elles i året. Vesten kan brukast av andre som eks. rullski som og brukar vegen til trening. Me har fått svært gode tilbakemeldingar på tiltaket. Dei som har fått tidlegare ser fram til å få ny då dei har slitt ut den dei fekk sist.

Henta frå «Trygg trafikk»:

«Ved å ha på refleks/vest reduserer du risikoen for å bli påkjørt med 85 prosent. Uten refleks/vest er du først synlig på 25 – 30 meters hold, mens du med refleks/vest synes på 140 meters hold når bilen bruker nærløys. Omregnet til sekunder har bilføreren 10 istedenfor 2 sekunder til rådighet, det kan være forskjellen på liv og død.»

#### Skildring av tiltak:

Innkjøp og bruk av sykkelvestar med YKK glidelås, EN 471 godkjent til ritt og trening. I tillegg har den 3 lommer på rygg og refleks nedre kant rygg. Vesten vil vere like funksjonell som ei sykkeltrøye i bruk ift. passform, dvs. sitte godt (ikkje blafre).

#### Tidsplan: 7. juli 2017 <

Sogn CK vil dele ut vest til alle som startar i Lærdal i Jotunheimen Rundt i starten av juli med oppmoding om å bruke den på rittet. Dette vil medføre at alle som startar og møt opp vil få vest med fokus på tryggleik. Og oppfordring om å bruke den på heile rittet. Rittet vårt er no så ettertrakta at det vart fullteikna påmelding etter vel 1.døgn. Dette er eit av tiltaka som bidreg til dette.

#### Økonomi/finansieringsplan:

	Pris	Antall	MVA	SUM
700 stk.	185	700	32375	161875
<u>Finansiering:</u>				
Eigenandel ca50%				81875
Støtte FTU-midler				80000
Sum				80000

#### Støtte direkte utløysande:

Sogn CK kan ikkje gjennomføre eit slikt tryggleiksprosjekt utan støtte. Klubben ønskjer fortsatt å vere proaktiv ift. tryggleik og auke fokus på tryggleik/synlegheit for alle typar syklistar. Klubben ønskjer difor å arbeide aktivt for dette i åra som kjem- og sette av ressursar til dette.

Vi ser fram til ei tilbakemelding på søknaden.

<b>Kommentar/ vurdering</b>	Tiltaket samsvarar med formål	
<b>Søknadssum/tilskot</b>	Søknadssum: kr. 80 000.-	Framlegg til tilskot: kr. 71 500.-

